

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.06.2015

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Det er no store utfordringar for næringslivet i Noreg knytt til nedgang i oljepris og lågare aktivitet innan olje- og gass-sektoren. Vestlandet har hovudtynga av aktiviteten her, og vert derfor særleg ramma av nedskjeringar og auka arbeidsløyse. Omstillingsbehovet for næringslivet på Vestlandet er stort og vil venteleg være langvarige. I denne situasjonen er det avgjerande at den sterke kompetansen innan olje- og gassindustrien vert vidare utvikla slik at han også kan inngå som grunnlag for ny næringsverksemd. Ei slik omstilling krev sterkare satsing på å få fram ny kunnskap gjennom regionalt relevant forskning som kan vere drivar for verdiskaping og marknadsretta innovasjon.

Regionalt forskingsfond Vestlandet har som føremål å styrke den forskingsbaserte innovasjonsevna innan næringsliv og offentleg sektor i fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Fondet har sidan oppstart i 2010 tildelt meir enn 170 millionar kroner til forskning med særleg potensial for innovasjon og verdiskaping i landsdelen. Regionalt forskingsfond Vestlandet har aldri hatt så mange søknader som våren 2015, og tildelte i styremøte 4. juni 2015 inntil 26,4 millionar kroner til forskingsarbeid. Fleire bedrifter og kommunar med viktige søknadstema fekk avslag. Det er ikkje midlar nok til mange gode prosjekt med stort potensial for kunnskapsbasert næringsutvikling på Vestlandet. Det er behov for å styrke ordninga med regionale forskingsfond. Dette vert støtta av nyleg framlagt Innstilling 333 S frå Stortinget sin kommunal- og forvaltningskomité om "Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar". Her er det brei semje om styrking av dei regionale forskingsfonda.

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er kvar representert i styret for Regionalt forskingsfond med fylkesordførar. Fylkestinga ber statlege styresmakter om å handle raskt for å legge til rette for kunnskapsbasert omstilling av næringslivet på Vestlandet. Ein ber om at det alt i 2015 vert lagt til rette for å styrke finansieringa av den næringsretta forskinga gjennom Regionalt forskingsfond Vestlandet. Fylkesordførarane ber dessutan om eit snarleg møte med politisk leiing i ansvarlege departement. I dette møtet vil det ytterlegare bli klargjort behovet for auka satsing på kunnskapsbasert innovasjon som kan bidra til heilt naudsynt omstilling av næringslivet på Vestlandet."

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner Årsrapport 2014 frå Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Det er no store utfordringar for næringslivet i Noreg knytt til nedgang i oljepris og lågare aktivitet innan olje- og gass-sektoren. Vestlandet har hovudtynga av aktiviteten her, og vert derfor særleg ramma av nedskjeringar og auka arbeidsløyse. Omstillingsbehovet for næringslivet på Vestlandet er stort og vil venteleg være langvarige. I denne situasjonen er det avgjerande at den sterke kompetansen innan olje- og gassindustrien vert vidare utvikla slik at han også kan inngå som grunnlag for ny næringsverksemd. Ei slik omstilling krev sterkare satsing på å få fram ny kunnskap gjennom regionalt relevant forskning som kan vere drivar for verdiskaping og marknadsretta innovasjon.

Regionalt forskingsfond Vestlandet har som føremål å styrke den forskingsbaserte innovasjonsevna innan næringsliv og offentleg sektor i fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Fondet har sidan oppstart i 2010 tildelt meir enn 170 millionar kroner til forskning med særleg potensial for innovasjon og verdiskaping i landsdelen. Regionalt forskingsfond Vestlandet har aldri hatt så mange søknader som våren 2015, og tildelte i styremøte 4. juni 2015 inntil 26,4 millionar kroner til forskingsarbeid. Fleire bedrifter og kommunar

med viktige søknadstema fekk avslag. Det er ikkje midlar nok til mange gode prosjekt med stort potensial for kunnskapsbasert næringsutvikling på Vestlandet. Det er behov for å styrke ordninga med regionale forskingsfond. Dette vert støtta av nyleg framlagt Innstilling 333 S frå Stortinget sin kommunal- og forvaltningskomité om "Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar". Her er det brei semje om styrking av dei regionale forskingsfonda.

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er kvar representert i styret for Regionalt forskingsfond med fylkesordførar. Fylkestinga ber statlege styresmakter om å handle raskt for å legge til rette for kunnskapsbasert omstilling av næringslivet på Vestlandet. Ein ber om at det alt i 2015 vert lagt til rette for å styrke finansieringa av den næringsretta forskinga gjennom Regionalt forskingsfond Vestlandet. Fylkesordførarane ber dessutan om eit snarleg møte med politisk leiing i ansvarlege departement. I dette møtet vil det ytterlegare bli klargjort behovet for auka satsing på kunnskapsbasert innovasjon som kan bidra til heilt naudsynt omstilling av næringslivet på Vestlandet.